



TysseLand Arkitektur AS  
Olafia Zoega

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/845 - 16/14071

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
05.07.2016

## Godkjenning - GBNR 23/567 - Løyvet til tilkopling til kommunalt VA-anlegg og igangsettingsløyve for graving og grunnarbeid for BK10 - Elvaåsen

**Administrativt vedtak. Saknr: 233/2016**

**Tiltakshavar:** Boligbygg Vest AS  
**Ansvarleg søkjar:** TysseLand Arkitektur AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

TysseLand Arkitektur AS har på vegne av tiltakshavar, Boligbygg Vest AS, søkt om igangsettingsløyve for graving og grunnarbeid for BK10 i Elvaåsen, gbnr. 23/567. Det vart samstundes søkt om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg.

Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 197/2016, datert 10.6.2016.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

#### Lov- og plangrunnlag:

I rammeløyve vart det godkjent oppføring av tomannsbustad i samsvar med reguleringsplan for Elvaåsen, planid: 125620110003. Løyvet vart gjeve på blant anna følgjande vilkår:

- 1) *Innan det blir gitt igangsettingsløyve må det ligge føre godkjent søknad om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg.*
- 2) *Innan det blir gitt igangsettingsløyve må det sendast inn revidert situasjonskart (revisjon av situasjonskart dagsett 29.1.2016) som viser plassering og storleik av carport omfatta av endringsmelding journalført motteke 11.4.2016.*

Det er søkt om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg i søknad journalført 4.7.2016. Meland kommune godkjenner at gbnr. 23/567, BK10, vert tilkopla kommunalt VA-anlegg, jf. pbl §§ 27-1 og 27-2 i samsvar med søknad med vedlegg frå Tysseland Arkitektur AS. På bakgrunn av dette finn administrasjonen at vilkår 1 i rammeløyvet er oppfylt.

Ansvarleg søkjar sendte inn revidert situasjonskart som viser plassering og storleik av carport som var omfatta av endringsmelding, journalført motteke 5.7.2016. Vilkår 2 er dermed også oppfylt.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for graving og grunnarbeid for BK10, Elvaåsen, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 4.7.2016.*

*Vidare gir kommunen løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg som omsøkt i søknad journalført 4.7.2016.*

*Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gitt unntak.*

*Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt gjennomføringsplan motteke 4.7.2016 og innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.*

*Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.*

*Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»*

\*\*\*\*\*

#### Gebyr:

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

#### Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 5 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Tysseland Arkitektur AS

Olafia Zoega